



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201801666	08.06.2018	69643/2018/S82	Johnny Loen, 71 28 02 43	11.06.2018

## **Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspill om viktige regionale interesser**

### **Innleiing**

NVE viser til oppdrag gitt frå Olje og energidepartementet. Departementet poengterer at fleire av dei vindkraftkonsesjonane som er gitt, truleg ikkje vil bli bygd ut. Dei peikar også på at fleire partar har brukt mykje ressursar på dei aktuelle sakene og at det er skapt mange lokale konfliktar, og at det derfor er behov for meir styring av kvar ein får søke konsesjon. Dette er i samsvar med vår erfaring, noko vi har påpeikt allereie sidan 2005, då dei store søknadene til havs var til behandling.

Vi er derfor positive til at ein no synleggjer enkelte nasjonale føringer for utbygging av vindenergi. Møre og Romsdal har ikkje eigen regional delplan for vindkraftutbygging, verken på sjø eller land, men har tidlegare gjort enkelte politiske prinsippvedtak knytt til konsesjonssøknader i sjøarealet. Førebels er berre Smøla vindpark utbygd, men vi er kjende med at konsesjonæren på Haramsøya er i ferd med å utarbeide detaljplan. Vi registrerer at begge desse areala ligg i NVE sine eksklusjonssoner, noko som vel underbygger kommentarane i OED sitt oppdrag.

NVE ber no om innspel på fagleg basis, knytt til eit konkret kartforslag og tilhøyrande analysegrunnlag. Fylkeskommunen er eit organ som ut frå si regionalpolitiske rolle har mandat til å meine om mykje. I dette brevet prioriterer vi merknader knytt til forvaltingsområde der vi har eit særskilt ansvar. Det gjeld friluftsliv og kulturvern. Men vi vil også gi nokre kommentarar knytt til reiseliv som del av den regionale utviklingsstrategien.

### **Eksklusjonskriteria**

Vi har ikkje vesentlege merknader til eksklusjonskriteria som NVE legg til grunn. Dei er greit forklart og forståelege, sjølv om ein sikkert kunne diskutere utvalet av mykje kriterium. Vi har berre ein kommentar, og det er knytt til "villmarksområde" i omtalen av eksklusjonskriterium som ikkje er tekne med. Sjølv om ein rikspolitisk har gjort vedtak om at INON ikkje skal nyttast som forvaltingsverktøy, kjem ein ikkje unna det faktum at storleik i seg sjølv (av eit areal) er signifikant som parameter både for friluftsliv og for naturmangfold. Kart over urørte areal er derfor relevante for å vurdere både naturkvalitetar og opplevingskvalitetar. Fragmentering av natur med menneskeskapte inngrep er eitt av dei store trugsmåla mot naturmangfold både globalt og i Norge. Fragmentering påverkar sjølvsagt også opplevingskvalitetar og dermed friluftslivet.

## **Friluftsliv**

Vi har ikkje avgjerande merknader til fagrapporten om friluftsliv som miljødirektoratet har utarbeidd. Som påpeikt der, er arbeidet med kartlegging av friluftsområde igangsett i mange av våre kommunar, men i mindre grad ferdigstilt. Det betyr at grunnlaget for konklusjonar ikkje er fullstendig.

Kartlegginga gir som resultat eit sett friluftsområde i verdiklassene "svært viktig", "viktig" og "registrert friluftsområde". Vi finn det nødvendig å påpeike at det ikkje nødvendigvis er samanfall mellom denne verdisettinga og vurderinga av om eit område har nasjonal, lokal eller regional interesse. Ut frå Fylkeskommunen sine vurderingar, er området regionalt interessant dersom det dekkjer vesentlege behov for fleire kommunar, og/eller er samanhengande areal over kommunegrenser.

Det er heller ikkje noko automatisk samanheng mellom statleg sikra friluftsområde og regionalt viktige friluftsområde. Som Fylkesmennene og Miljødirektoratet vil kunne stadsfeste, er det stor variasjon mellom kva kvalitetar som finst her, og ikkje minst korleis desse er tilrettelagde og vedlikehalde. Regionreforma vil kunne endre fylkeskommunens ansvar for desse areala.

Når det gjeld analyseareala i kartforslaget frå NVE, har vi følgande konkrete innspel:

### - Øvre del av Solnørvassdraget og Ørskogfjellet

Området samla sett er svært viktig regionalt. Det ligg i grensetraktene mellom Skodje, Ørskog og Vestnes kommunar. Brukarane inkluderer i tillegg til dei nemnde kommunane også Ålesund, Haram og Sula m.fl.

Det er utarbeidd eigen, interkommunal arealplan for Solnørvassdraget, mellom anna med føremål å sikre friluftsinteressene. Dette delområdet vert nytta til varierte aktivitetar heile året; Det er opparbeidde løyper for skiturar, fotturar og sykling og gode høve for aktivitetar utanom opparbeidde løyper. Her er ein del hytter og det er fiske i fleire vatn. Delar av terrenget er lett tilkomeleg og med "snill" topografi, og derfor særskilt godt eigna for barn.

I samband med konseptvalutgreiing (KVU) for ny ferjefri E39, var trasé gjennom øvre del av Solnørvassdraget eitt av alternativa. Denne traséen er no valt bort, etter massiv motstand frå kommunar og brukarar. Det vil derfor også vere uakzeptabelt å bygge dette området ned med vindkraft.

Over Ørskogfjellet vert dagens E39-trasé vidareført. Her er tilrettelagt parkering i samband med alpinanlegg og skiløyper på begge sider av vegen. Tradisjonelt har dette vore skifartsområdet til Ålesundsregionen, men klimaendringane har nok påverka dette.

### - Området Skaret-Fursetfjellet

Området er svært viktig regionalt. Det ligg i grensetraktene mellom Molde, Fræna, Eide og Gjemnes kommunar. Men utgangspunkt i to hovudtilkomstar, Skaret i Fræna og Fursetfjellet i Molde/Gjemnes, har dette området i lang, lang tid vore det viktigaste utfartsområdet vinterstid for innbyggjarane i store delar av Molde og Kristiansunds-regionane. På Fursetfjellet er det tilrettelagt parkering og løpenett på begge sider av E39, austover i retning Kleivevatnet og Silsetvatnet og vestover i retning Skaret. På Skaret er også omfattande tilrettelegging både for friluftsliv og for idrettsleige aktivitetar som skiskyting, langrenn og hopp. Inne i terrenget ligg ei mykje besøkt dagsturhytte.

Sommarbruken har auka vesentleg frå begge tilkomstpunkta, med toppturar, sykling, fiske mv. Begge delområda er godt eigna for barn, både på ski, til fotos og på sykkel.

#### - Fjellområda mellom Isfjorden og Mittet

Også dette området er regionalt viktig, med tre turistforeningshytter og ein mykje bruk turtrasé imellom (og vidare ut av området). Bruken er omfattande både vinter og sommar, og dels av tilreisande frå andre stader i Norge og utlandet.

#### - Fjordruta

Fjordruta er Kristiansund og Nordmøre turistforeining sitt flaggskip og femner areal i Halsa og Aure kommunar. Denne ruta har blitt svært populær, særleg på barmark. Også her er publikum frå andre delar av Norge og dels utlandet. Dette området femner også areal som i dag stort sett er fritt for inngrep frå før. Frå 1.1.20 vert større delar av denne ruta liggande i Trøndelag.

Vi har ikkje vurdert areala i Rindal kommune, som allereie frå 1.1.19 vert del av Trøndelag.

#### **Kulturminner og kulturmiljø**

Møre og Romsdal vedtok i 2015 ein Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av Nasjonal og regional verdi. Denne omfattar om lag 1200 objekt og områder, og bør ligge til grunn for det vidare arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land. Planen er å finne her:

<https://mrfylke.no/Regionale-planar-hoeyringar>

Kulturminnelokalitetane i delplanen, både dei med nasjonal og regional verdi, er lagt inn i Askeladden og er gitt eige ID-nr. Dette er ein del av det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Vi gjer merksam på at fleire av områda framleis manglar geometri i databasen, men reknar med å ferdigstille ein førebels geometri på alle lokalitetane i løpet av vinteren 2018/2019. Endeleg fastsetting av grensene vert gjerne gjort i samband med kommunenes arealplanar, og at det vert utarbeidd nærmare bestemmelser og retningslinjer i desse.

Større kulturmiljø og kulturlandskap frå regional delplan er førebels ikkje lagt inn i Askeladden. Her avventar vi ei kalibrering opp mot Riksantikvaren sitt prosjekt omkring kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Dette prosjektet er komme godt i gang i Møre og Romsdal, og er rekna til å verte ferdigstilt i løpet av 2019. Vedlagt følger kart og SOSI-filer som både viser verdsarvområdet (internasjonal verdi), områder som er vurdert i forhold til KULA (nasjonal verdi) og øvrige områder av høg regional verdi.

Vi gjer merksam på at eitt av områda med høg regional verdi ligg i området som allereie er utbygd – Smøla vindmøllepark. Dette skuldast dei rike arkeologiske funna som blei gjort i samband med utbygginga, og at dette framleis er eit godt lesbart steinalderlandskap. Vi vil likevel sterkt frårå utbygging i dei øvrige områda som er avmerka på kartet.

Vindmøller er døme på tiltak som kan verke visuelt skjemmande langt utanfor sjølve utbyggingsområdet, særleg i dei opne områda langs kysten, og vi vil difor rå til at ein legg til ein buffer på dei områda som vert oversendt. Vi vil for øvrig rå til ein viss konsentrasjon av vindmøllene så det på sikt vil vere muleg å oppleve områder langs kysten som ikkje er skjemma av vindmøller og vindmølleparkar.

#### **Reiselivet**

Den generelle kommentaren vil vere at reiselivet i Møre og Romsdal i stor grad er basert på naturkvalitetar i kombinasjon med kulturhistoriske element. Vindkraftanlegg vil i stor grad kunne påverke dei opplevde kvalitetane. Internasjonale destinasjonar i så måte er

Geiranger-Trollstigen, Atlanterhavsvegen (som begge er nasjonale turistvegar) og Runde. For dei to sistnemnde viser vi til til kulturfaglege merknader og vedleggskarta.

**Oppsummering**

Vi støttar forsøket på nasjonale rammer for vindkraftsøknader, og har ikkje vesentlege merknader til dei eksklusjonskriteria som er synleggjort.

Vi peikar på regionale interesser som må vurderast før endelige rammer vert fastsett, og tek etterhald om at ny kunnskap må vurderast i den enkelte konsesjonssaken.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesaplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar

Kulturminner og kulturmiljø: arkeolog Kristoffer Dahle, 71 25 03 29

Vedlegg:

Kart kulturverninteresser - pdf  
Kart kulturverninteresser - SOSI